



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 24.09.2014
Møtetid: 14:00 - 17:30
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope (H)	Arild Røen (H)
Sigmund Dyrhovden (Krf)	Bjarne Hauge (Krf)
Heidi Totland Arnesen (Ap)	Odd Lønnebakken (Ap)
Gunnar Bruvik (Frp)	Norvald Gjerde (Frp)

Andre som var til stades på møtet:

Janne Drevsjø (Bl) i sak 051, 052 og 053.
 Rådmann Tone Ramsli under heile møtet.
 Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge under heile møtet.
 Stabssjef Jan Erik Boge under heile møtet.
 Økonomisjef Nina Erdal i sak 047 og 048.
 Planleggjar Ragnhild Lønningdal i sak 051, 052 og 053.

Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl) fekk permisjon frå møtet etter sak 055. Ho deltok derfor ikkje under behandlinga av sak 051, 052 og 053. Janne Drevsjø (Bl) gjekk inn som varamedlem for Olsnes under behandlinga av desse tre sakene.

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Merknader:

Ordførar Marit Aase orienterte i starten av møtet om at det var sendt ut ei tilleggssak på føremiddagen 24.10.2014 (sak 055).

Sak 055 og 054 vart behandla etter sak 050, før sakene 051 – 053.

Samnanger kommune sitt kulturstipend til unge vart delt ut til Joar Haugen Lemme under møtet. I samband med utdelinga framførde Joar Haugen Lemme og Jonas Apeland Salomonsen to musikkstykke.

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Vekedag og klokkeslett for kommunestyremøta</u> Marit Aase viste til notatet ho hadde skrive om saka. Etter ein kort debatt vart det røysta over følgjande alternativ til prøveordning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møtedato onsdag eller torsdag: <ul style="list-style-type: none"> ○ 14 representantar røysta for onsdag og 7 røysta for torsdag. • Klokkeslett 16:00-21:00 eller 14:00-18:00: <ul style="list-style-type: none"> ○ 11 representantar røysta for kl. 16:00-21:00 og 10 røysta for kl. 14:00-18:00. <p>Som følgje av vedtaket vert det innført prøveordning med kommunestyremøte onsdagar kl.16:00-21:00. Dette vil seia at møta skal vera avslutta seinast kl. 21:00.</p> <p>Kommunestyremøta i desember og juni skal framleis vera dagmøte.</p> <p><u>Kommunereforma</u> Marit Aase orienterte om at fylkesmann Lars Sponheim har ytra ønske om å koma til Samnanger for å orientera om kommunereforma. Han og prosjektansvarleg hos fylkesmannen, Ole Bakkebø, har truleg moglegheit til å koma til Samnanger torsdag 18.12.2014. Aase spurde om det vil vera i orden å flytta det oppsette kommunestyremøtet 17.12.2014 til torsdag 18.12.2014. Ingen av representantane hadde innvendingar mot dette. Endeleg avgjerd om møtedato vert teken av ordføraren seinare.</p> <p>Marit Aase orienterte òg kort om pågåande prosessar i samband med den varsla kommunereforma.</p>
Grunngjeve spørsmål til kommunestyret:	<p><u>Spørsmål frå Karl B. Kollbotn (Frp)</u> Spørsmåla frå Kollbotn vart sendt til kommunen 16.09.2014. Dei fleste spørsmåla gjeld mellombels drift i eining for pleie og omsorg. Skriftleg svar frå rådmannen vart delt ut til Kollbotn rett før kommunestyremøtet. Rådmann Tone Ramsli gjekk gjennom svaret sitt i møtet. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.</p>
Utvalet sitt kvarter:	Ingen saker.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 30.09.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
046/14	14/726	Faste saker	
047/14	14/384	Finansrapportering 2.tertial 2014	
048/14	14/334	Eigedomsskatt og fritak	
049/14	11/668	Forslag til revidert seniorpolitisk plan for Samnanger kommune	
050/14	14/196	Forslag til revidert lønspolitisk plan for Samnanger kommune	
051/14	14/321	Oppgaveoverføring til interkommunalt forvaltningsorgan (IFO)	
052/14	12/605	Konsesjonssøknad - Overføring av nedbørfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget	
053/14	09/293	Akseptkriterium til risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) for arealplanar etter plan- og bygningslova	
054/14	14/714	Søknad om permisjon frå politiske verv ut 2014	
055/14	14/714	Søknad om permisjon frå kommunestyret ut kalenderåret 2014	

SAKNR. 046/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Sjå side 2 i møteprotokollen for informasjon om kva tema som vart tekne opp under "Orienteringar/meldingar".

Det vart gjennomført eiga avrøysting om vekedag og klokkeslett for kommunestyremøta. For informasjon om denne avrøystinga vert det vist til side 2 i møteprotokollen.

Samrøystes vedtak.

KS-046/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 047/14
FINANSRAPPORTERING 2.TERTIAL 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-049/14 VEDTAK:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-047/14 VEDTAK:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

SAKNR. 048/14
EIGEDOMSSKATT OG FRITAK

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta saka. Formannskapet sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saksutgreiinga når det gjeld fritak etter §5.h. Når det gjeld § 7, meiner formannskapet at det bør gjevast fritak etter pkt. a, men at det ikkje skal gjelda kommersielle stiftingar. Det vert vidare gitt tilslutning til at det kan gjevast fritak for bygningar som har historisk verdi. Det vert ikkje fritak for nyoppførte eigedomar.

Det vert fatta eit samrøystes vedtak.

FORM-050/14 VEDTAK:

For utskriving av eigedomsskatt i Samnanger kommune bør det gjevast fritak etter § 7 a med unnatak av for kommersielle stiftingar. Fritak skal også gjevast etter § 7 b - bygningar som har historisk verdi. Det vert ikkje opna opp for fritak for nyoppførte eigedomar § 7 c .

Det vert fatta endeleg vedtak i samband med handsaming av budsjettet for 2015.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten i saka, bad Karl B. Kollbotn (Frp) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønna (Sp) fram følgjande utsetjingsframlegg til delar av formannskapet si tilråding, på vegner av Sp, Høgre og Frp :

*Avgjersla på kven som skal og ikkje skal betala eigedomsskatt i Samanger kommune skal vedtas i kommunestyremøte/budsjettmøte i desember.
Økonomisk konsekvens for fritak på nybygde hus og evt. full rehabilitering av eldre hus etter 5 og 10 år må utgreiast til neste kommunestyremøte. Dette etter § 7 C.*

I avrøystinga vart det først røysta over følgjande del av formannskapet si tilråding:

For utskriving av eigedomsskatt i Samnanger kommune bør det gjevast fritak etter § 7 a med unnatak av for kommersielle stiftingar. Fritak skal også gjevast etter § 7 b - bygningar som har historisk verdi.

Det vert fatta endeleg vedtak i samband med handsaming av budsjettet for 2015.

17 representantar røysta for og 4 representantar røysta mot denne delen av formannskapet si tilråding.

Følgjande representantar røysta for:

- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Marit Aase (Krf)
- Bodil H. Øpstebø (Krf)

- Bjarne Hauge (Krf)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Vidar Tveiterås (Ap)
- Heidi Gjerde (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Brigte Olav Gåsdaal (Ap)
- Arild Røen (H)
- Eva Hellevang (H)
- Anja Marken (Bl)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Ragnfrid Olsnes (Bl)
- Øyvind Røen (Sp)
- Monica Tjønnna (Sp)

Følgjande representantar røysta mot:

- Karl B. Kollbotn (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)
- Svein Røseth (Frp)
- Jon Magne Bogevik (Frp)

I andre del av avrøystinga vart det røysta over Monica Tjønnna sitt utsetjingsframlegg, som vart samrøystes vedteke.

KS-048/14 VEDTAK:

For utskrivning av eigedomsskatt i Samnanger kommune bør det gjevast fritak etter § 7 a med unnatak av for kommersielle stiftingar. Fritak skal også gjevast etter § 7 b - bygningar som har historisk verdi.

Avgjersla på kven som skal og ikkje skal betala eigedomsskatt i Samnanger kommune skal vedtas i kommunestyremøte/budsjettmøte i desember.

Økonomisk konsekvens for fritak på nybygde hus og evt. full rehabilitering av eldre hus etter 5 og 10 år må utgreiast til neste kommunestyremøte. Dette etter § 7 C.

Det vert fatta endeleg vedtak i samband med handsaming av budsjettet for 2015.

SAKNR. 049/14

FORSLAG TIL REVIDERT SENIORPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til revidert seniorpolitisk plan vert vedteke. Den reviderte planen trer i kraft 01.10.2014.

10.09.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedtak.

ADM-007/14 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til revidert seniorpolitisk plan vert vedteke. Den reviderte planen trer i kraft 01.10.2014.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Administrasjonsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-049/14 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til revidert seniorpolitisk plan vert vedteke. Den reviderte planen trer i kraft 01.10.2014.

SAKNR. 050/14

FORSLAG TIL REVIDERT LØNSPOLITISK PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

10.09.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Det var semje om at kommunestyret berre bør vedta del I av planen (overordna del) og at administrasjonsutvalet bør vedta del II av planen (administrativ del). Heile planen må uansett følgja sakspapira når saka vert lagt fram for kommunestyret.

Toralf Enes bad om at det vert lagt inn indeksregulering av satsar for funksjonstillegg, då ein del av funksjonstillegga har stått uendra i fleire år. Det vart ikkje gjort vedtak om å leggja inn slik indeksregulering.

På bakgrunn av tidlegare innspel frå Fagforbundet, vart det diskutert om forslaga deira til ekstra målformuleringar skal takast inn i punkt 1.2 i planen. Det var semje om å leggja til følgjande målformuleringar i punkt 1.2 i planen:

- *Kommunen har som mål å stimulera/motivera til utdanning og til å gje faste tilsettingar.*
- *Kommunen fokuserer på HMS og det psykososiale arbeidsmiljøet.*
- *Kommunen har som målsetting å auka talet på heiltidstilsette, tilretteleggja for vidareutdanning av tilsette og tilretteleggja for fleire lærlingar.*

Det vart diskutert om det skal takast inn eit punkt om kapittel-rekkefølga for dei lokale lønsforhandlingane, slik Fagforbundet og Delta har bedt om. Heidi Gjerde sa at hennar erfaring er at dei fleste andre kommunar gjennomfører forhandlingane for tilsette i HTA kapittel 4 etter forhandlingane for tilsette i kapittel 3 og 5. Rådmannen vil sjå nærmare på dette og eventuelt leggja spørsmålet fram for administrasjonsutvalet seinare.

Løn til tilsette i stillingar med krav om høgskule-/universitetsutdanning

Lønsmål og lønsrelasjonar mellom sjukepleiarar, pedagogiske leiarar/barnehagelærarar og diverse andre stillingsgrupper vart diskutert. Etter diskusjonen vart det gjennomført avrøysing om følgjande framlegg:

Administrasjonsutvalet ønskjer at det i dei lokale lønsforhandlingane hausten 2014 skal vera eit særleg fokus på tilsette i stillingar med krav om høgskule-/ universitetsutdanning, og som i tillegg har rettleiingsansvar for andre tilsette.

Framlegget vart vedteke med 7 mot 2 røyster.

Følgjande representantar røysta for framlegget:

- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Eva Hellevang (H)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Marit Aase (Krf)
- Ragnfrid Olsnes (Bl)

Følgjande representantar røysta mot framlegget:

- Heidi Gjerde (Fagforbundet)
- Wenche Håhjem (Fagforbundet)

Lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet

Det vart diskutert om det skal takast inn eit punkt om lokalt lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet. Bakgrunnen for diskusjonen var at Fagforbundet i sin uttale har foreslått at fagarbeidarar får lønsmessig utteljing for realkompetanse etter 16 år. Etter diskusjonen vart det gjennomført avrøysting om følgjande framlegg til nytt lønsmål i lønspolitisk plan:

Tilsette i HTA kapittel 4B bør få eit lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet. Dette gjeld ikkje for tilsette i stillingar utan særskild krav til utdanning, fordi denne gruppa allereie har lønsopprykk ved 20 års ansiennitet i sin lønsstige.

Framlegget vart samrøystes vedteke. Vedtaket er å forstå slik at eventuelle lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet skal avtalast i dei lokale lønsforhandlingane og verta finansiert av forhandlingspotten. Storleiken på lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet vert ikkje talfesta i lønspolitisk plan.

Nye funksjonstillegg

Fagforbundet har i sin uttale foreslått at det vert innført funksjonstillegg til tilsette i eining for pleie og omsorg som har hjelpemiddelansvar og ansvar for tryggleiksalarmar. Det var semje i administrasjonsutvalet om prinsippet om at det kan gjevast funksjonstillegg for denne typen tilleggsoppgåver, men det vart ikkje gjort konkret vedtak om lønstillegg for dei funksjonane som Fagforbundet har foreslått. Eventuelle nye funksjonstillegg må avtalast i dei lokale lønsforhandlingane.

Løn til assistentvikarar i skulen

Arbeidsplassstillitsvald for skuleassistentar m.m. i Fagforbundet har tidlegare kome med innspel om at assistentvikarar i skulen ikkje får betalt for alle timane dei må vera på arbeidsplassen. Det var semje om at kommuneadministrasjonen må undersøkje dette nærmare og eventuelt koma tilbake til administrasjonsutvalet i eit seinare møte.

Administrasjonsutvalet slutta seg samrøystes til resten av rådmannen sitt forslag til revidert lønspolitisk plan.

ADM-008/14 VEDTAK:

Rådmannen sitt forslag til revidert lønspolitisk plan vert vedteke, med følgjande endringar:

I punkt 1.2 i planen vert følgjande målsettingar lagt til:

- Kommunen har som mål å stimulera/motivera til utdanning og til å gje faste tilsettingar.
- Kommunen fokuserer på HMS og det psykososiale arbeidsmiljøet.
- Kommunen har som målsetting å auka talet på heiltidstilsette, tilretteleggja for vidareutdanning av tilsette og tilretteleggja for fleire lærlingar.

I punkt 7 i planen vert følgjande lønsmål lagt til:

- Tilsette i HTA kapittel 4B bør få eit lønstillegg ved 16 års lønsansiennitet. Dette gjeld ikkje for tilsette i stillingar utan særskild krav til utdanning, fordi denne gruppa allereie har ein lønnsstige med lønsopprykk ved 20 års ansiennitet.

Den reviderte planen trer i kraft 01.10.2014.

Administrasjonsutvalet ønskjer at det i dei lokale lønsforhandlingane hausten 2014 skal vera eit særleg fokus på tilsette i stillingar med krav om høgskule-/universitetsutdanning, og som i tillegg har rettleiingsansvar for andre tilsette.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen påpeika at det bør gjerast ei språkmessig endring i det første kulepunktet i vedtaksframlegget, slik at ordet ”til” ikkje står to gongar. Kommunestyret slutta seg til dette. Med denne endringa vart administrasjonsutvalet si tilråding til vedtak om del I (overordna del) av lønspolitisk plan samrøystes vedteken.

KS-050/14 VEDTAK:

Rådmannen sitt forslag til revidert lønspolitisk plan vert vedteke, med følgjande endringar:

I punkt 1.2 i planen vert følgjande målsettingar lagt til:

- Kommunen har som mål å stimulera/motivera til utdanning og gje faste tilsettingar.
- Kommunen fokuserer på HMS og det psykososiale arbeidsmiljøet.
- Kommunen har som målsetting å auka talet på heiltidstilsette, tilretteleggja for vidareutdanning av tilsette og tilretteleggja for fleire lærlingar.

Den reviderte planen trer i kraft 01.10.2014.

SAKNR. 051/14

OPPGAVEOVERFØRING TIL INTERKOMMUNALT FORVALTNINGSORGAN (IFO)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune inngår eit interkommunalt samarbeid om kartlegging, tilsyn og oppfølging av forsøpling etter lov 13. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Samarbeidet etablerast mellom kommunane Askøy, Fusa, Kvam, Os Osterøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføringa av oppgåvene etter forureiningslova. Samarbeidet etablerast først som eit toårig prøveprosjekt, med oppstart 01.01.2015 og avslutning 01.01.2017, med ein intensjon om å få i stand ein permanent ordning.

Samnanger kommune bidrar saman med dei andre kommunane til finansiering av prøveprosjektet frå 01.01.15 til 01.01.16.

Kostnadane knytt til samarbeidet skal innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

21.05.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

2 røysta for framlegget frå rådmannen (Øyvind Strømmen (Bl) og Bodil H Øpstebø (Krf)) og 3 røysta mot (Vidar Tveiterås (Ap), Jon Magne Bogevik (Frp) og Monica Tjønna (Sp)).

Det inneber at Samnanger kommune ikkje ønsker å overdra delar av ansvaret på forureinginsområdet til BIR.

NAT-035/14 VEDTAK:

Samnanger kommune ønsker ikkje å overføra oppgåver innan forureingsområdet til eit interkommunalt forvaltningsorgan med BIR som ansvarleg.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) sette fram framlegg om å setja rådmannen sitt vedtaksframlegg opp mot naturutvalet si tilråding.

14 representantar røysta for naturutvalet si tilråding og 7 røysta for rådmannen/Marit Aase sitt framlegg til vedtak.

Følgjande representantar røysta for naturutvalet si tilråding:

- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Vidar Tveiterås (Ap)
- Heidi Gjerde (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Janne Drevsjø (Bl)
- Øyvind Røen (Sp)
- Monica Tjønna (Sp)
- Karl B. Kollbotn (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)
- Svein Røseth (Frp)
- Jon Magne Bogevik (Frp)

Følgjande representantar røysta for rådmannen/Marit Aase sitt framlegg:

- Marit Aase (Krf)
- Bodil Øpstebø (Krf)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Eva Hellevang (H)
- Arild Røen (H)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Anja Marken (Bl)

KS-051/14 VEDTAK:

Samnanger kommune ønsker ikkje å overføra oppgåver innan forureingsområdet til eit interkommunalt forvaltningsorgan med BIR som ansvarleg.

SAKNR. 052/14

**KONSESJONSSØKNAD - OVERFØRING AV NEDBØRFELT FRÅ
VAKSDALSVASSDRAGET TIL HERFANGEN I SAMNANGERVASSDRAGET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Bodil H Øpstebø (Krf) sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

Monica Tjønna (Sp) sette fram slikt framlegg:

Saka vert oversendt kommunestyret utan tilråding.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegget. 4 røysta for framlegget frå Øpstebø, (Øpstebø (Krf), Loe (Ap), Tveiterås (Ap) og Strømmen (Bl)). 3 røysta for framlegget frå Tjønna (Tjønna (Sp), Bogevik (Frp) og Marken (Bl)).

NAT-049/14 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak, på vegner av Sp:

Samnanger kommune går ikkje inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

I avrøystinga vart naturutvalet si tilråding sett opp mot Monica Tjønna sitt framlegg. Naturutvalet si tilråding fekk 12 røyster og Monica Tjønna sitt framlegg fekk 9 røyster.

Følgjande representantar røysta for naturutvalet si tilråding:

- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Marit Aase (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Bodil Øpstebø (Krf)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Eva Hellevang (H)
- Arild Røen (H)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Janne Drevsjø (Bl)
- Anja Marken (Bl)

Følgjande representantar røysta for Monica Tjønna sitt framlegg:

- Heidi Gjerde (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Vidar Tveiterås (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Monica Tjønna (Sp)
- Karl B. Kollbotn (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)
- Jon Magne Bogevik (Frp)
- Svein Røseth (Frp)

KS-052/14 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

SAKNR. 053/14

**AKSEPTKRITERIUM TIL RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSAR (ROS) FOR
AREALPLANAR ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) hadde før møtet sendt ut følgjande framlegg til vedtak:

Akseptkriteria og risikomatrisene vert vedtekne slik dei er presenterte og forklara i vedlagde notat frå Norconsult.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-053/14 VEDTAK:

Akseptkriteria og risikomatrixene vert vedtekne slik dei er presenterte og forklara i vedlagde notat frå Norconsult.

SAKNR. 054/14

SØKNAD OM PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV UT 2014

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Roy Vegar Hope (H) om permisjon frå alle politiske verv ut kalenderåret 2014 vert innvilga.

Det vert følgjande mellombelse endringar i kommunestyret og politiske utval i permisjonsperioden:

- Arild Røen (H) rykkjer opp som fast representant i kommunestyret.
- Eva Hellevang (H) rykkjer opp som fast representant i formannskapet og i administrasjonsutvalet.
- Eva Hellevang (H) vert vararepresentant for Brigte Olav Gåsdal i arbeidsmiljøutvalet.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-054/14 VEDTAK:

Søknaden frå Roy Vegar Hope (H) om permisjon frå alle politiske verv ut kalenderåret 2014 vert innvilga.

Det vert følgjande mellombelse endringar i kommunestyret og politiske utval i permisjonsperioden:

- Arild Røen (H) rykkjer opp som fast representant i kommunestyret.
- Eva Hellevang (H) rykkjer opp som fast representant i formannskapet og i administrasjonsutvalet.
- Eva Hellevang (H) vert vararepresentant for Brigte Olav Gåsdal i arbeidsmiljøutvalet.

SAKNR. 055/14

SØKNAD OM PERMISJON FRÅ KOMMUNESTYRET UT KALENDERÅRET 2014

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Miriam H. Haga (H) om permisjon frå vervet som varamedlem til kommunestyret ut kalenderåret 2014 vert innvilga. Ho får i denne perioden permisjon frå alle politiske verv i kommunen.

24.09.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-055/14 VEDTAK:

Søknaden frå Miriam H. Haga (H) om permisjon frå vervet som varamedlem til kommunestyret ut kalenderåret 2014 vert innvilga. Ho får i denne perioden permisjon frå alle politiske verv i kommunen.

Oversikt vedlegg til møteprotokollen:
--

- | |
|--|
| - Svar på grunnleggende spørsmål fra Karl Kollbotn (Frp) om utbygging av sjukeheimen |
|--|



Karl B Kollbotn

Vår referanse:
11/641/14/5607/ASK/TR

Arkivkode:
FE-033, TI-&29

Dykkar referanse:

Dato:
24.09.2014

SVAR PÅ GRUNNGJEVE SPØRSMÅL FRÅ KARL KOLLBOTN (FRP) OM UTBYGGING AV SJUKEHEIMEN

1. Mellombels drift

Administrasjonen har pr. d.d. ikkje fullstendig oversikt over kostnaden med mellombels drift. Det vert arbeidd med å laga nye turnusplanar. Når det er gjort, kan me seia noko om lønsutgiftene for eige personell. Det vert lagt til grunn at det kjem innsparingar her.

I går , den 23.9.2014 fekk me tilsendt eit avtaleutkast – prisar – frå Vaksdal kommune. Dette er no til vurdering.

Det vert ein del mindre kostnader til husleige t.d. lagerplass og andre type driftsutgifter i dei bygga som me flyttar til internt i kommunen.

Husleigene i omsorgsbustadene på Hamnahaugen er rimelegare enn dei på Ytre Tysse. Leigetakarane som flytter ut der får ikkje auka utgifter noko som medfører ein kostnad for kommunen.

I tillegg til innsparingar i lønsutgifter, vert det og innsparingar i drifta av sjukeheimsbygget. Dette gjeld kommunale avgifter, straum etc.

2. Bebuarar på tomannsrom

I fylgje nytt regelverk skal alle sjukeheimspasientar som bur ufriviljug på dobbeltrom ha ein rabatt i eigenbetalinga. Dette vil ikkje gjelda korttidspasientar. Slik me no ser det vil det vera snakk om 14 bebuarar som kan be om redusert betaling. Pr. mnd vil det utgjera ca. kr 35.000.

3. Dekking av utgifter til pårørande som besøker sine

Dette er noko me i administrasjonen ikkje har tenkt var ei aktuell problemstilling. I fordeling av pasientar mellom Vaksdal og Hamnahaugen har me/vil me ha med som ei problemstilling kva moglegheit næraste pårørande har til å koma seg Vaksdal. Dette vil vera eit av mange kriteria.

4. Konsulentutgifter

I det siste reviderte budsjettet for sjukeheimen er det lagt til grunn ein kostnad til konsulent på knapt 10 mill. kroner.

5. **Kjøring til jobb i Vaksdal**

Det er under drøfting korleis dette skal skje. Kommunen har i utgangspunktet tilbydd å stille bilar til felles kjøring. Me har henta inn pris på leasing av el-bil. Det er ein viss motstand blant dei tilsette om kjøring av el-bil utan 4-hjulsdrift.

6. **Flytting av pasientar frå Vaksdal sjukeheim til Dale sjukeheim – spm om kostnad**

I avtaleutkastet er dette ikkje presisert som eige post, men det har vore omtala at Vaksdal ville krevje dekking av sine meirutgifter med m.a. flyttinga. I avtaleutkastet er det presentert ein samlepost og me reknar med at det hwer er teke høgde for denne type utgifter.

7. **Uføresette utgifter som ikkje er kommunisert til poltikarane**

I budsjettet for utbygginga er det lagt inn postar for uføresett. Det har vore debattert m.a. i kommunestyret om denne er for høg evt. burde vore høgare. Me kjenner ikkje i dag til kostnader som ikkje er lagt inn i budsjettet.

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann